

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 19.03.2013
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom: Flora samfunnshus - Ytterøyane
Møtenr.: 3/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak 17/13.

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

15/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
16/13 Skriv og meldingar.
17/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.
18/13 Oppfølgingsliste 3-2013 Flora.
19/13 Eventuelt.

Flora, 12.03.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar



Asgeir Tveit

 **SEKOM-sekretariat**

Ansvarlig for alle kommunale kontrollutval: Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

015/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 11.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.03.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

016/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.03.2013	016/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 22-13 E-post frå kontrollutvalet til Flora kommune om Tilskot barnehagar Flora kommune.

SM 23-13 E-post frå kontrollutvalet til Flora kommune om Nettbrett til kontrollutvalet.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 8. mars 2013 12:28
Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no)'
Emne: Tilskot barnehagar Flora kommune

I kontrollutvalsmøte i Flora låg det føre skriv og meldingar vedrørande tilskot til private barnehagar. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- Kontrollutvalet ber om at rådmannen svarar Fylkesmannen og Furuhaugane barnehage vedrørande sak om tilskot til private barnehagar.
- Kontrollutvalet ber om kopi av tilsvara.

Etter dette ber vi om å få tilsendt tilsvara gjev Fylkesmannen og Furuhaugane barnehage vedrørande deira førespurnader til Flora kommune.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtvt

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 4. mars 2013 12:03
Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'
Kopi: 'Solheim-Olsen Bengt (bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no)';
'terje.heggheim@flora.kommune.no'; Holme Bjarne
(bjarne.holme@florafrp.no); Hovland Berit Karin (bho@lottstift.no);
Jacobsen Einar (Einar.jacobsen@eninvest.net); Jansen Gunn (gjan@online.no);
Mikalsen Bjørg (b-jmi@online.no); Myrvollen Ingvar T (sfj@hoyre.no);
Richter Eva Irene (eva.richter@eninvest.net); Ryland Henning
(heryland@online.no); Svanøe John Arvid (john.svanoe@hotmail.com)
Emne: Nettbrett - kontrollutvalet
Vedlegg: 013.13 - Nettbrett - kontrollutvalet.pdf

Kontrollutvalet tok i kontrollutvalsak 013/13 Nettbrett – kontrollutvalet opp sak om å ta i bruk nettbrett for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak i saka:

- Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval.
- Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Sekom sekretariat har installert dei program som ein må ha for at vi skal kunne ta i bruk løysinga med nettbrett, gitt at Flora kommune vel same løysing som dei andre Sunnfjordkommunane. Dette inkluderer verktøy til å lage, sende og ta imot dokument i det formatet som er påkravd ved bruk av nettbrett.

Ved innføring og bruk av nettbrett, bør kontrollutvalet også få innkallingar og/eller protokollar frå dei andre utvala tilsende, slik at dei kan lese desse på nettbrettet.

Ved innføring av nettbrett, bør det også liggje til rette for at ein ikkje sender ut dokument i papirformat.

Saka frå kontrollutvalet ligg ved.

Vi ber om at kontrollutvalet vert teken med i vurderinga kring kva politiske utval som skal få tildelt nettbrett.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er et kommunalt sekretariat for kommunene i Sunnfjordregionen. Vi har i dag 14 kommuner som medlemmer. SEKOM-sekretariatet er et samarbeidsorgan mellom kommunene i regionen. SEKOM-sekretariatet er et samarbeidsorgan mellom kommunene i regionen.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

017/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2013 – 2016 - FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.03.2013	017/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 – Flora kommune.
- Overordna analyse (til bystyret).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 078/12 og 09/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Flora kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2013 - 2016- FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalsmøte 04.02.2013 i sak 004/13 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og nyanlegg.
- Innkjøp/inngåande fakturaer.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar VAR – sektoren.

Kontrollav lønsområdet

- Bruk av timelister.
- Midlertidig tilsetting
- Tilsetting i deltidsstillingar.

- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.
- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Flora kommune.
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordningar.
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestoområder.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - o Bruk av eigenmeldingar
 - o Fråværsregistreringar
 - o Personar på timelister.
- Sikring og bruk av kunst.
- Avfallshandtering.
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Flora kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene.
- Generell og spesiell sakshandsaming.
- Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet er kjent med at det av fleire kommunar i Sunnfjord er valt prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen. Det har elles tidlegare i desse kommunane vore gjennomført fleire prosjekt inn mot VAR-sektoren, inn mot sjukefråvær og inn mot økonomistyring. I Nordfjordkommunane er det for tida fokus på vedlikehald av kommunale eigedomar. Med tanke på synergieffekt, vil val av eit av desse prosjekta kunne medføre ei meir effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltingsrevisjon

Flora kommune

2013 -2016



Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Bystyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og bystyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”...systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyrets vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med bystyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber bystyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til bystyret etter gjeldande retningslinjer.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til bystyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomført. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomført og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet enten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til bystyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at bystyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

018/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 12.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.03.2013	018/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 12.03 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS. 26.10.12 Brev til Flora kom om å svare kryss 01.11.12 Svar frå Flora. 01.11.12 Svar vidare s til kryss.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12	Kommunestyret sine merknader til rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet	23.05.12 Tilråding til bst. 24.05.12 s. bst 04.09.12 Vedtak bst sak 123/12
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09.12 Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb.
062/12 Eventuelt	31.08.12		31.08 Vedtak KU – -I samband med at kontrollutvalet legg fram årsmeldinga til bystyret, bør leiar for kontrollutvalet samstundes gje ei generell orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar, som er utleia av § 77 i kommunelova med tilhøyrande forskrift.
73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.	25.10.12		25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig. 01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfestar info ovanfor.
78/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til kst. 30.11.12 s/bst.
85/12 Overordna analyse	30.11.12		30.11.12 Vedtak KU: - Leiar av kontrollutvalet vert beden om å melde til ordførar at kontrollutvalet vert forseinka når det gjeld utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon då rådmannen har meldt at svar på brev frå Kryss revisjon, som skal danne grunnlag for arbeid med overordna analyse, først vil føreliggje i desember 2012. - Kontrollutvalsleiar vert beden om å oppmode ordførar om at denne meldinga kjem med som skriv og melding til bystyret i

			desember 2012.
002/13 Skriv og meldingar.	24.01.13		24.01.13 Vedtak KU Vedrørande SM 03-13: - Kontrollutvalet finn det beklageleg at rådmannen ikkje har svart Kryss revisjon på brev om overordna analyse. Kontrollutvalet er informert om at det er avtalt møte mellom rådmannen og KRYSS- revisjon om overordna analyse 31. januar 2012. Vedrørande SM 08-13: - Kontrollutvalet ber om Flora kommune sitt tilsvar på brev frå Fylkesmannen av 21.12.2012 om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage.
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.	24.01.13		24.01.13 Tilråding til bst. 29.01.13 s bst.
005/13 Oppfølgingsliste 1-2013 Flora.	24.01.13		24.01.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
007/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU – Ingen merknader
008/13 Skriv og meldingar.	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU: Ad SM 19-13: Kontrollutvalet ber om at rådmannen svarar Fylkesmannen og Furuhaugane barnehage vedrørande sak om tilskot til private barnehagar. Kontrollutvalet ber om å få kopi av tilsvara. 08.03.13 s. e-post til Flora kommune. Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
009/13 Overordna analyse.	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU: - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Flora kommune, datert 21. februar 2013 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013-2016.
010/13 Eigenvurdering revisor.	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU; - Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Flora kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 10.01.2013 til vitande. - Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Flora kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.01.2013 til vitande. - Saka vert sendt til bystyret til orientering. 04.03.13 s bst.
011/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – Flora.	01.03.13		01.03.13: Vedtak KU - Oppfølgingsliste 2-2013 Flora vert teken

			til vitande.
012/13 Eventuelt.	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU: - Det vert teke opp eiga sak om at kontrollutvalet vil ta i bruk nettbrett. - Det vert teke opp sak i samband med besøk i einingane om kva område kontrollutvalet skal velje til møtet 13. mai 2013.
013/13 Nettbrett - kontrollutvalet	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett på lik line med andre politiske utval. - Kontrollutvalet ber om å få naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. 04.03.13 s e-post til Flora kommune.
014/13 Orientering eldreomsorg	01.03.13		01.03.13 Vedtak KU - Kontrollutvalsmøtet 13. mai vert lagt til ein av eldreomsorgsinstitusjonane. - Kontrollutvalet kjem tilbake til kva institusjon ein skal velje.

Oppdatert 08.03.13

019/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.03.2013	019/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.